

Fylkeskommunen gjorde retrett**29.07.2011**

Fylkeskommunen har gjort retrett etter at dei bad om ny synfaring og registrering i Nedre Halsabrotet der Ivar Gundersen har eit bustadprosjekt.

Dei innrømmer at det var ein slik prosess i 2008'og dei har drifor ingen avgjerande merknadar i saka på noverande tidspunkt i planprosessen.

'Ved nærmere undersøking av saka er det komme fram at det vart utført ei arkeologisk registrering av det aktuelle området i samband med reguleringsarbeid i 2008', skriv fylkeskommunen og opplyser at det ikkje vart gjort funn av automatisk freda kulturminne under denne undersøkinga. Og dermed er den nye handsaminga av planen kome eit godt vidare.